

# Referat møte i Sunnfjord KFU

26.05.2021

19:00 – 21:00

## Oppmøte:

Ingvild Espeland Øvrebø  
Ingunn Rørvik  
Øyvind Johan Korsøen  
Gunvor Beate Bjordal  
Jarle Øen  
Pål Hegland  
Ingunn Rørvik  
Trine Renate Vallestad

Sølvi Catrin Berg Hestvik  
Steinar Kleppe  
Mali Mathisen Nordvik  
Line Senneseth  
Marit Solveig Nedrebø  
Tone Støylen Holgersson  
Roger Eide

Jeaneth Aileen Frantzen  
Rosnes  
Monica Eldevik  
Jan Morten Dvergsdal  
Hildegunn Hoff Hana  
Linda Sølvsberg Storøy  
Åge Stafsnes

## Sak 31-20/21 Informasjon frå Åge Stafsnes

### Streik

Kva er det som skjer mtp. streik? Vi får sannsynlegvis eit svar i kveld/natt. Halbrend og Førde Barneskule (684 elevar totalt) er varsla tatt ut i streik. Elevane blir tatt ut i permisjon i høve streik. Sunnfjord Kommune sender ut melding i morgon tidleg (27.05.2021). Foreldre av elevar ved dei skulane skal ha fått beskjed.

Elevane skal ikkje bli skadelidande mtp. inntak til vidaregåande skule. Det vil gå ut over arrangement i regi av skulen.

Fagarbeidarar og assistentar er ikkje i streik, og skal gjere sine oppgåver. Elevar med særskilde behov vil bli prioritert. Dei aktuelle heimane vil bli kontakta.

Halbrend skule rapporterer at dei har fått god informasjon gjennom Visma.

Kommunen har hatt ei konsekvensutreiing for å finne ut kven som skal få spesielle tiltak i høve streik.

### Evaluering SFO

Dette har vore ein dryg prosess. Kommunen hadde alle tal mtp. kva tilbod foreldre hadde valgt. Det vart vedtatt eit 15-timers tilbod.

Kommunen vil vurdere ulike innspel i tillegg til søskenmoderasjon. Saka skal opp i kommunestyret i morgon (27.05.2021).

Per i dag har ein 5 timar mellom spenna i SFO-tilbod.

### Økonomiplan for Sunnfjord Kommune

KFU kan sjå om det er saker KFU vil gi innspel til. Dette kan være økt/ulik fordeling av ressursar til skulesaker.

Økonomiplanen legg premissane for dei neste fire åra. Planen skal innehalde begrunning for dei ulike prioriteringane.

### IKT-opplæring

Har vore utfordrande å få nok maskiner grunna begrensa tilgang til komponentar i produksjonen. I løpet av hausten skal alle elevane ha tilgang til ein einheit (Nettbrett eller bærbar PC).

Til hausten skal lærarane gjennom kursing i IKT.

### Spes.ped-handbok

Skal blir ein betre informasjon rundt korleis spesialundervisning skal gjennomførast og kven som kan/skal ha rettighet.

### Fagfornyng

Denne held fram til hausten. Sunnfjord Kommune har eit godt samarbeid med Høgskulen. Skal i gang med eit kompetanseløft til hausten. No skal kompetansebygginga over på kommunen.

### Skulane skal opp på grønt nivå til hausten

Kan gjerast før dersom kommunelegen godkjenner det. Grønt nivå til hausten med mindre noko spesielt skjer.

### Sommarskulen

Brukt mykje ressursar til dette. Ein ny organisasjon som skal byggast opp på kort til. Dei har ansett ein rektor og 15 studentar. Også 15 ungdommar som skal være assistentar.

Dei ulike skulane har spelt inn kva dei kan bidra med.

Barn frå og med 5. klasse. Elevane får t-skjorter, og det skal være fokus på samhald.

Ordning med Firda Billag slik at elevane får eit pass som gir dei fri skyss.

Aktivitetar spredt ut over heile Sunnfjord.

Veke 25 og 26 samt 31 og 32. Fritt fram kor mange veker dei vil være med på

Alt er gratis, og påmelding startar 1. juni. Påmelding vil skje via kommunen sine heimesider.

### Tilsette for neste år

Alt er på plass, og det er stort sett faglærte lærarar. Stillingane er fylt opp, så alle får lærarar til neste år.

### **Sak 32-20/21 Evaluering av KFU og veggen vidare**

Ingen kommentarar frå deltakarane angående korleis det har vore.

Det er satt opp godt med møter, og det er tilbakemelding om at det er bra med Teams for å redusere reiseveg.

Idemyldring om korleis vi formidlar saker frå KFU ned til FAU. Typisk er at det er ein sak i FAU-møter og SU-møter. Det kommer kommentar om at det er lite konkret om kven som skal få referat og informasjon.

KFU-styret sender ut referat til rektorar, og rektorane får sakslister.

Sak til neste år kan være å legge inn ein konkret mal for informasjonsflyt i vedtektene. Slik at det blir likt for alle.

Åge poengterar at KFU er ein viktig arena i Sunnfjord Kommune, og at KFU får oppmerksomheit av politikarane. Referata blir også lagt ved og gjennomgått.

Onsdag 22. september blir sett som det første møtet for neste skuleår. Leiar, nestleiar og sekretær velgast på dette møtet, og dei legger ut møteplanen resten av året.

Det blir presisert at KFU ikkje har eit styre. Dette kan konkretiserast ved gjennomgang av vedtekter til neste år.

### **Sak 33-20/21 Informasjon frå leiar, nestleiar og sekretær**

Tusen takk frå Roger Eide. Takk for innsats og takk for engasjementet. Takk til dei som har lært han mykje om det å leie ei slik gruppe.

Takk frå nestleiar til leiar Roger Eide. Han seier at det blir spennande å følge KFU i tida som kjem når kvardagen normaliserar. KFU var så vidt etablert før Korona-pandemien braut ut og veldig mykje av fokuset i KFU har vore rundt dette.

Sekretær takkar alle og oppfordrar alle som sitt i KFU no til å tenke på valget ved første KFU-møtet og rolla si i KFU framover.

Det blir viktig for styringsgruppa i KFU å overlevere stafettpinnen på ein god måte.

Åge takkar KFU for eit godt samarbeid, og vi har løfta foreldrestemma opp i kommunen. Vi har gjort foreldrene til ei viktig stemme i Sunnfjord Kommune.

### **Sak 34-20/21 Ymse**

Nærskulesystem. Du får 100 poeng dersom du søker på skule i nærleiken av deg. Dette har slått litt uheldig ut for Sunnfjord Kommune. Det er eit ynskje om at KFU tek tak i denne saken på vegne av elevane i Sunnfjord Kommune.

Roger speler inn at det hadde vore fint med eit FAU i vidaregåande skule. Det er mange utfordringar i vidaregåande skule som burde ha blitt tatt tak i. Samarbeid mellom grunnskulen og vidaregåande skule

Vi må jobbe med kva for tilbod elevane våre får etter grunnskulen. Det er lite spesialiseringar å velje mellom. Åge Stafsnes seier at KFU fint kan være ei viktig stemme i dette spørsmålet. Dei ulike skulane har ulike spesialitetar innan for eksempel «Idrett». Kan være viktig at kommunen (fylkeskommunen?) setter opp kva spesialisering som dei ulike skulane kan skilte med.

Åge Stafsnes fortalte om to ulike grupper som arbeidde med kvar si problemstilling. Den eine hadde sett på spesialundervisning. Der bl.a. barn over 15 år, har rett til å meine sjølv om dei vil ha eller ikkje. Den andre gjaldt skule miljøsaker. Desse gruppene var nedsett for at ein skal få lik behandling på alle skulane. Det vart stilt spørsmål til Åge om Sunnfjord Kommune også hadde sett på dei interne skjema i kommunen, korleis dei var utforma (For eksempel 9A-skjema) der tilsett kunne skildre mobbing eller andre ting. Så skulle rektor konkludere med om dette var 9A sak eller ikkje utelukkande ved å kunne setje eit kryss for ja eller nei, utan å grunngje. Det vart peika på at det var uheldig at ein ikkje måtte grunngje. Svaret frå Åge Stafsnes var at ein hadde tilsyn av Statsforvaltar på Førde barneskule og Sande skule. Og dersom det var svakheit med internskjema så kom nok det til å bli kommentert av Statsforvaltar.